



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Askedalen 2

6863 Leikanger

7.10.15

Søknad om godkjenning av Nordfjord opplæringskontor

Søknaden er grunna etterspurnad frå offentleg- og privat næringsliv om eit opplæringskontor med vekt på sal, kontor og administrasjon i Nordfjord. Desse fagretninga manglar opplæringskontor - ikkje berre i Nordfjord, men i Sogn og Fjordane. I tillegg ynskjer Stryn kommune å organisere sine lærlingar og lærekandidatar på Helse og Oppvekst under opplæringskontoret.

Stryn Næringsssamskipnad har, på vegne av desse, teke på seg prosjektet og arbeidet med etablering av opplæringskontoret.

Det er i forkant av søknaden blitt kartlagt og skrive intensjonsavtalar med bedrifter og Stryn kommune. Tilbakemeldingane har vore positive og det er stor vilje i det lokale næringslivet for å legge til rette for lærlingar. Dette speglar dei erfaringar som ein har med lærlingar –og lærekandidatar i området frå før.

Det er også ein del mindre bedrifter i området som kvar for seg i dag ikkje ser moglegheit for å ta inn ein lærling på eiga hand. Ved å gå saman om ein lærling/lærekandidat, kan kvar einskild bedrift ta ansvar for deler av opplæringa og såleis fylle krava til fagprøve for lærlingar og opplæring for lærekandidatar. Nærleik til eit lokalt opplæringskontor vil for desse vere viktig og avgjerande i forhold til å ta inn lærlingar/lærekandidatar.

Vi ser det som viktig å få etablert eit opplæringskontor for sal, kontor og administrasjon for å ta vare på dei lærlingane/lærekandidatane som ynskjer å gå vidare i denne fagretninga. Om søknaden blir godkjent og når vi har fått starta opp, vil vi starte arbeidet med å knytte til oss aktuelle verksemder også utanfor nærområdet knytt opp mot sal, kontor og administrasjon.

Nordfjord Opplæringskontor vil arbeide for å:

- Sikre full dekning av fagleg læreplan
- Organisere kurs og opplæring for lærlingar/lærekandidatar og faglege leiarar
- Vere behjelpelege med rekruttering av lærlingar
- Koordinere lærlingen/lærekandidaten si opplæring
- Vere servicefunksjonen på administrativt område for å sikre og ivareta lærlingkontraktane



Prosjektet har pr. dato intensjonsavtale med følgende bedrifter:

- Stryn Kommune
- Nomek
- Septik 24
- Miljøservice
- Moods of Norway
- Stryn Torg
- Reisemål Stryn og Nordfjord
- Alexandra Hotel

Desse bedriftene har rom for mellom 15 og 20 lærlingar frå år 1.

Stiftingsmøte vert halde 7. oktober 2015.

Nordfjord Opplæringskontor vil ha kontor på Stryn vidaregåande skule.

Stillinga som dagleg leiar vert lyst ut i mars 2016 om kontoret vert godkjent som opplæringskontor.

Det vert søkt om godkjenning for følgende fag:

- Kontor og administrasjonsfaget
- Salsfaget
- Helse og oppvekstfag



Målsetnaden er at kontoret skal ha 40 lærlingar innan 2017.



Budsjett og liste over intensjonsavtaler ligg ved søknaden.



Håpar på positiv og snarleg handsaming.

Med helsing

Interimstyret Nordfjord Opplæringskontor


Anita Vinsrygg (s.)

Beate Hauge (s.)


Bjørn Åge Haugen (s.)

Ørjan Skåden (s.)


Jørn Sønsterudbråten (s.)

Knut Ove Rygg (s.)

Jan Erik Sandbakk (s.)



Budsjett Nordfjord Opplæringskontor		
År	2016	2017
Fordeling	70/30 (50/50)	50/50
Inntekter	20 lærlingar	40 lærlingar
Lærlingtilskot	700000	850000
Innmeldingsavgift	10000	15000
Sum inntekter	710000	865000
Løn	550000	550000
Sosiale utgifter	60000	60000
Køyre godtgjersle	15000	15000
Husleige/felleskostnadar	15000	15000
Kontorutstyr/oppstart	70000	10000
Div. kurs og møter	3000	3000
Marknadsføring	50000	50000
Div. påløpande kostnadar	5000	5000
Rekneskap og revisjon	10000	10000
Diverse	50000	50000
Forsikringar	10000	10000
Sum kostnadar	838000	778000
Resultat	-128000	87000
Støtte etablering SNS	150000	
Årsresultat	22000	87000

Vedtekter for Nordfjord Opplæringskontor

§ 1 Namn, lokalisering og organisasjon

Namn på kontor: Nordfjord Opplæringskontor

Lokalisering: Stryn Vidaregåande skule

Organisasjonsform: Foreining

§ 2 Føremål

Nordfjord Opplæringskontor er heimla i Opplæringslova og forskrift til Opplæringslova fastsett av departementet.

Nordfjord Opplæringskontor skal fremje fagopplæringa ovanfor bedrifter og offentleg verksemd innan sals –og kontorfaga i Nordfjord og eventuelle andre samarbeidskommunar. Kontoret skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for dei vidaregåande skulane og for ungdomskulane.

Nordfjord Opplæringskontor skal medverke til å auke medlemmane sin tilgang på kvalifisert arbeidskraft, heve kompetansenivået, og i tillegg auke statusen til lærlingane/lærekandidatane og bedriftene ved å:

- Tilrettelegge og koordinere kontraktsinngåing og opplæring i samarbeid med skular, yrkesopplæringsnemder/fylkeskommuner, lærlingar/lærekandidatar og medlemmer i Nordfjord Opplæringskontor
- Stimulere til tiltak som aukar kvaliteten i opplæringa
- Tilby yrkespedagogisk rådgeving (praksiskandidatar)
- Formidle erfaringar mellom medlemmane i Nordfjord Opplæringskontor
- Vera orientert om internasjonal utvikling og organisere eventuelle utvekslingsprogram

Nordfjord Opplæringskontor er ei ideell foreining, og ikkje næringsdrivande. Foreininga har ikkje til føremål å drive med erverv eller gje økonomisk overskot.

§3 Medlemskap

Bedrifter, kommune eller offentlege verksemdar som kan gje fagopplæring til lærlingar/lærekandidatar i høve læreplanar og gjeldande lover og regelverk kan søkje om medlemskap i Nordfjord opplæringskontor.

Fylkeskommunen skal godkjenne verksemdene i dei ulike lærefaga. Medlemmar i Nordfjord Opplæringskontor skal åleine, eller i samband med andre, kunne ivareta læremåla i læreplanen

innanfor det enkelte fag. Samarbeid mellom fleire verksemder for å dekke måla i læreplanen, skal skrivast i ein eigen avtale før inngåing av lærekontrakt.

Medlemsbedrifter/offentlege verksemder skal ha ein fagleg leiar, som skal ha ansvaret for opplæringa.

Utmelding av kontoret kan skje, men ansvaret i forbindelse med inngått lærekontrakt må oppfyllest eller bli overført til andre. Utmelding må skje skriftleg med seks månaders varsel før utløp av kaldenderåret.

§ 4 Årsmøtet

Årsmøtet er opplæringskontoret sitt øvste organ. Kvar medlemsbedrift representerer ei stemme per lærling og kan ved fullmakt i tillegg representere eit medlem. Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmar som er representert. Ordinært årsmøte vert gjennomført kvart år, helst innan utgangen av mai månad. Innkalling skjer ved fjorten dagars varsel. Innkomne saker vert sendt til medlemmane sju dagar før årsmøtet. Det er ikkje naudsynt med offentlig kunngjering.

På eit ordinært årsmøte, skal følgjande saker behandlast:

- Godkjenne årsrekneskap og revisjonsmelding
- Årsmelding
- Budsjett
- Fastsetjing av årleg medlemskontigent
- Fastsetjing av kor stor del av tilskotet kontoret kan halde attende til dekking av kontoret sine driftkostnader
- Val
 - o Styret med 5 medlemmar og 1 varamedlem
 - o Valkomite etter innstilling frå styret, minimum 2 medlemmar.
 - o Leiar og medlemmar vert valt for to år av gongen, men slik at halvparten er på val kvart år.
 - o Andre saker som i samsvar til desse vedtektene høyrer inn under årsmøtet

Saker og val vert avgjort med vanleg fleirtal.

Årsmøtet skal behandle endringar i vedtektene. Eventuelle endringar i vedtektene, og vedtak om nedlegging av Nordfjord Opplæringskontor krev 2/3 fleirtal frå dei frammøtte.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet, som skal underteiknast av to personar som vert valt på møte. Innkalling til ekstraordinært årsmøte, der særskilt angjevne spørsmål skal behandlast, skal innkallast med to vekers varsel når to styremedlemmar eller medlemmar frå årsmøtet ber om det, eller dersom leiaren på årsmøtet meiner det er naudsynt.

§ 5 Ansvarsområder

Nordfjord Opplæringskontor sitt ansvar:

- Kontoret skal vere eit serviceorgan for medlemsbedriftene. I samhandling med styret, skal dagleg leiar ha ansvar for den daglege drifta.
- Opplæringskontoret skal teikne lærekontrakt med lærlingar/lærekandidat, og skal i samråd med bedrifta plassere lærlingen/lærekandidaten i ein eller fleire medlemsbedrifter. Dersom han eller ho skal arbeide i fleire medlemsbedrifter, skal lærlingtida verte bestemt i ein skriftleg avtale med dei aktuelle bedriftene.
- Nordfjord Opplæringskontor skal ha ei aktiv rolle i samband med formidling/rekruttering av lærlingar/lærekandidatar.
- Nordfjord Opplæringskontor skal arbeide aktivt for å legge til rette for lærlingplassar/lærekandidatar i dei ulike medlemsbedriftene, samt arbeide for å knytte fleire bedrifter til kontoret.
- Opplæringskontoret skal søkje om godkjenning av lærebedrifter og eventuelle nye fag.
- Nordfjord Opplæringskontor skal syte for at lærlingane/lærekandidatane får den opplæringa dei har krav på, i samsvar med opplæringsplanen.
- I samband med fagleg leiar/instruktør og tilsynsrepresentant i bedrifta, skal Nordfjord Opplæringskontor koordinere opplæringa.
- Dersom det oppstår konflikter, skal Nordfjord Opplæringskontor vere med å gje råd og hjelpe til for å løyse problemet. Dersom det vert naudsynt med omplassering, eller andre problem oppstår i samband med opplæringa, skal den/dei involverte bedriftene kontakte opplæringskontoret snarast.
- Det er Nordfjord Opplæringskontor som har ansvaret for å sende inn oppmelding til fagprøva til opplæringsavdelinga, minst seks veker før prøva skal avleggast.
- Opplæringskontoret skal fungere som sekretær for styret, samt førebu saker og kalle inn til styremøte.
- Nordfjord Opplæringskontor skal halde god kontakt med den vidaregåande skulen og opplæringsavdelinga.
- Opplæringskontoret skal koordinere teoriplanlegging i dei faga som har restteori.

Medlemsbedriftene sitt ansvar:

- Bedriftene som er medlemar i Nordfjord Opplæringskontor er ansvarlege for at opplæringa samsvarer med opplæringsplanen for dei enkelte faga.
- Medlemsbedriftene er pliktige å gje melding til opplæringskontoret dersom opplæringa ikkje kan halde fram, grunna for eksempel permitteringar eller innskrenkingar i bedrifta.
- Medlemsbedriftene er ansvarlege for å lønne lærlingar/lærekandidatar etter gjeldande tariff.
- Medlemsbedriftene har ansvar for å fylgje arbeidsmiljølova, med dei rettar og plikter dette medfører.
- Dersom ei medlemsbedrift ikkje ynskjer å halde fram som medlem av Nordfjord Opplæringskontor, kan medlemskapet seiast opp. Utmeldinga skal då skje skriftleg med seks månadars varsel før utgangen av kalenderåret.

- For lærlingar/lærekandidatar som ikkje gjev offentleg tilskot, skal bedrifta betale inn tilsvarande beløp som Nordfjord opplæringskontor normalt får for å fylgje opp lærlingen/lærekandidaten.

§ 6 Styret

Styret skal bestå av 5 medleamar og 1 varamedlem. I tillegg til desse kan ein representant frå lærlingane, vidaregåande skule, næringsapparatet, samt Sogn og Fjordane fylkeskommune møte. Desse vil då ha møte- og talerett.

Styret sine oppgåver:

- Styret skal ha det overordna opplæringsfaglege ansvaret og vedtek målsetjingar og handlingsplanar for kontoret.
- Styret er ansvarleg for drift av opplæringskontoret, og føretek naudsynte tilsetjingar.
- Styret behandlar alle saker som ikkje er tillagt årsmøtet og ikkje er delegert dagleg leiar.
- Styret utarbeider arbeidsinstruk og gjev naudsynte fullmakter til dagleg leiar.
- Dagleg leiar deltek på styremøta som sekretær, men utan stemmerett.
- Styret kan gjere vedtak når minst to styremedleamar er til stades, samt leiar eller nestleiar.

§ 7 Økonomi

Nordfjord Opplæringskontor vert finansiert gjennom offentleg tilskotsordningar, samt årleg medlemskontigent frå bedriftene. Medlemsbedriftene er solidarisk økonomisk ansvarleg for opplæringskontoret si drift. Alle tilskot skal gå til opplæringskontoret. Årsmøtet fastset kor stor del av tilskotet Nordfjord Opplæringskontor kan halde attende for dekking av kontoret sine driftkostnader. Fastsett fordeling av lærlingtilskot ved oppstart av avtale, skal fylgje lærlingen/lærekandidaten gjennom heile læreperioden.

Økonomi og rekneskapsteneste vert leigd in av eksterne aktørar.

Nordfjord Opplæringskontor sin konto skal verta disponert av dagleg leiar. Styreleiar har disponeringsrett i dagleg leiar sitt fråver.

Styreleieren har samen med eit anna styremedlem signaturrett i opplæringskontoret.

§ 8 Administrasjon

Styret i Nordfjord Opplæringskontor er ansvarleg for at kontoret vert drifta i samsvar med vedtektene. Dagleg leiar skal rapportere til leiaren i styret. Det er dagleg leiar som skal godkjenne søknadane om medlemskap i Nordfjord Opplæringskontor, men dersom det er tvil om nokre av søknadane, skal desse leggjast fram for styret.

§ 9 Rapporteringsplikt

Medlemene er pliktige til å gje melding til Nordfjord Opplæringskontor dersom opplæringa ikkje kan vidareførast i verksemda, grunna for eksempel permitteringar eller innskrenkingar. Ei slik melding skal verte gjeven innan fjorten dagar etter at vedtaket om dette er bestemt.

§ 10 Oppløysing

Dersom Nordfjord Opplæringskontor skal oppløysast, vert det gjort av ordinært eller ekstraordinært årsmøte når 2/3 av dei frammøtte vedtek det. Eventuelle verdiar etter ei oppløysing skal forvaltast av medlemsbedriftene til beste for lærlingane.